



Jegerinformasjon 2020

Jakttider og reglar:

Jakttid fom. 20. august 2020 til og med 30. september 2020.

Nattefreding mellom 1900 og 0700.

Jegerar må elles forhalda seg til alle offentlegrettslege reglar med omsyn til krav for å gå på storviltjakt. Du skal ha med deg: jaktkort, våpenkort, jegeravgiftskort med dokumentasjon på avlagt skyteprøve og evt avtaler om samjakt og jaktlag.

Transport:

Villreinjegerar med gyldig fellingsløyve kan nytte fly eller helikopter til transport under reinsjakta. Det er fastsett eigne vatn det kan landast på til dette føremålet, her kan helikopter lande i strandkanten. Kvar einskild jeger må ta kontakt med fly/helikopterselskap for transport. Pr i dag er det tre selskap som opererer helikopter/fly på Hardangervidda: Airlift, Fjellfly og Fonnafly.

Telting:

Det er fastsett eigne teltplassar for villreinjegerar i Røldal SA. Sjå vedlagt liste

Merka dyr:

På Hardangervidda går det nokre dyr med klave rundt halsen. Denne klaven kan ha ulike fargar, men er lett synleg. I denne klaven er det montert GPS utstyr som gjer at forvaltninga og forskninga kan fylgje dyra. Denne informasjonen er svært viktig for forvaltninga av reinstamma på Hardangervidda. ***Sidan det er svært dyrt og belastande for dyra å setja på slike sendarar må det ikkje skytast slike dyr. Skulle det likevel skje må sendaren takast vare på utan å skada denne. Den må leverast til oppsynet. Det same gjeld om ein slik sendar vert funnen i terrenget.***

Skrantesjuka (CWD):

Det skal takast prøver av alle vaksne dyr. Du får utlevert prøvesett saman med kortet ditt. Alle jegerar MÅ ta prøver og sjølv sende inn desse. Ubruka prøvesett skal leverast inn etter jaktslutt saman med kortet ditt. Prøvesett som ikkje er nytta skal brukast neste år – ta derfor godt vare på prøvesettet og sørg for at dette er komplett.

Kontaktinformasjon:

Røldal Fjellstyre: roldal@fjellstyrene.no eller leiar.roldal@fjellstyrene.no

Fjelloppsyn Sveinung Olsnes: 902 13 655

Fjellstyreleiar: Tor Helge H. Tjemsland: 481 03 170

Airlift: 53 66 64 40

Fjellfly: 452 06 888

Fonnafly: 88 00 13 13

Hardangervidda Fjelloppsyn: 902 13 630

Oppsynssentralen Skinnarbu: 815 32 450

Hugs at alle kontrollkort- bruka og ubruka- skal sendast til Fjellstyret innan 5. oktober!!

Kontrollkorta sendast til: Røldal Fjellstyre v/Tor Helge H. Tjemsland, Bygdavegen 11 , 5760 Røldal

Korta kan og leverast til Fjellstyreleiar.

Skitt jakt!!

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 685- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no